



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato
13.01.2015
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2015/619
Dykkar referanse
«REF»

Kommunane i Hordaland
v. barnehagemynde

Melding om statlege kompetansemidlar til barnehagesektoren 2015

Fylkesmannen vil i 2015 utbetale **kr. 4 984 000** i *Kompetansemidlar* til kommunane i Hordaland.

Ti prosent av midlane blir fordelt likt mellom kommunane. Dei resterande midlane vert fordelt etter barnetal. De vil få melding om det endelege beløpet til kommunen i slutten av februar.

Midlane skal gå til kompetansetiltak for dei tilsette i barnehagane i samsvar med *Kompetanse for framtidens barnehage - Strategi for kompetanse og rekruttering 2014 - 2020*. Det vert vist til rettleiarane «Barns trivsel – voksnes ansvar» og «Språk i barnehagen – Mye mer enn bare prat». Likeeins skal midlane relaterast til «Kompetanse for Mangfold (2013 – 2017)».

Førebels tilskot er basert på barnetalet i 2013. Når årsmeldingane føreligg vil Fylkesmannen korrigere tilskotsbeløpet i samsvar med barnetalet pr.15.12.2014.

Søknad med kommunen sin plan for bruk av midlane i 2015 skal sendast til fmhpostmottak@fylkesmannen.no Planen skal vera retta mot målsetjingane og relevante tiltak som beskrive i *Strategi for kompetanse og rekruttering 2014 - 2020*.

Kommunen vil få utbetalt midlane etterkvart som de søker, men siste frist er 30. juni 2015.

Vedlegg: Førebels - kompetansemidlar for 2015.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Ingunn Landro Sandset
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.